



Utval: Kommunestyret

Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset

Møtedato: 06.09.2018

Møtetid: 18:00 – 20:35

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Svein Forberg Liane	Medlem	V
Halfdan Haugan	Ordførar	AP
Trond Johnsen	Medlem	AP
Jon Svartdal	Varaordførar	H
Eivind Skogheim	Medlem	AP
Hallgeir Ofte	Medlem	AP
Hanne Norgaard	Medlem	AP
Mona Helen Haugan	Medlem	AP
Edvard Mæland	Medlem	H
Gunnar Eilefstjønn	Medlem	H
Pia Groven-Robertsen	Medlem	H
John Olav Haugetuft	Medlem	SP
Marianne Vadder	Medlem	SP
Henry Mæland	Medlem	SP
Lars Bjaadal	Medlem	SP
Liv Grethe Ekre	Medlem	SP
Peter Fjågesund	Medlem	MDG

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Solveig Sundbø Abrahamsen	MEDL	H
Kristian Espeland	MEDL	KRF
Mogens Hougaard Iversen	MEDL	FRP
Beate Marie Dahl Eide	MEDL	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Roar Slinde	Solveig Sundbø Abrahamsen	H
Håvard Jønnardalen	Beate Marie Dahl Eide	SP
Arnstein Wolden	Mogens Hougaard Iversen	FRP

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Finn-Arild Bystrøm	Rådmann
Frid Berge	Kommunalsjef
Lillian Olsen Opedal	Kommunalsjef

Protokollunderskrifter:

Halfdan Haugan

Henry Mæland

Saksliste

Utvaks- saksnr	Innhald	Lukka
	Referatsaker	
RS 20/18	Referatsak	
	Saker til handsaming	
PS 52/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
	Referatsaker	
RS 21/18	Melding om vedtak Søknad om støtte til forprosjekt for å utvikle eit felles Bookingsystem for camping/ overnatting under Dyrskuln	
RS 22/18	Melding om vedtak Søknad om etablerings-/utviklingstilskot Hovstø Gjestegiveri	
RS 23/18	Vedtak; Etablering av kommunekomitè for TV-aksjonen NRK 2018 Kirkens Bymisjon	
RS 24/18	Fylkesmannen i Telemark - Rapport etter tilsyn - Samfunnstryggleik og beredskap	
RS 25/18	Oppfølging av Nærpolitireforma - Brev til politimester i Sør-Øst politidistrikt	
RS 26/18	Garvikstrondi Camping - Søknad om skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1.2 og 3 (øl, vin og brennevin)	
RS 27/18	Garvikstrondi Camping - Søknad om løyve til sal av alkoholhaldig drikke med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnehald (gruppe 1)	
RS 28/18	Referat Vest-Telemarkrådet 21.august 2018	
	Saker til handsaming	
PS 53/18	Veglaget Tresland - Haugan - Kommunal veg	
PS 54/18	Revisjon av overordna samarbeidsavtale mellom Sykehuset Telemark HF og kommunane i Telemark	
PS 55/18	Endring av selskapsavtale - RENOVEST IKS	
PS 56/18	Selskapsavtale for Sør - Øst 110 IKS	
PS 57/18	Orientering om planprosess og drøfting av planprogram rullering av kommuneplanens arealdel.	
PS 58/18	Vurdering av utvida løyve til prosjekt Aktivitetslabirinten på Eventyrøy	
PS 59/18	Eigerstrategi Vest-Telemarkkraftlag	
PS 60/18	Oppfølging av kommunestyres strategidag 140618	

Referatsaker

RS 20/18 Referatsak

Saker til handsaming

PS 52/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Handsaming i Kommunestyret - 06.09.2018

Protokollen frå møtet 14. juni vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Kommunestyret - 06.09.2018

Protokoll frå møtet 14. juni er godkjent.

Referatsaker

RS 21/18 Melding om vedtak Søknad om støtte til forprosjekt for å utvikle eit felles Bookingsystem for camping/ overnatting under Dyrsku`n

RS 22/18 Melding om vedtak Søknad om etablerings-/utviklingstilskot Hovstø Gjestegiveri

RS 23/18 Vedtak; Etablering av kommunekomitè for TV-aksjonen NRK 2018 Kirkens Bymisjon

RS 24/18 Fylkesmannen i Telemark - Rapport etter tilsyn - Samfunnstryggleik og beredskap

RS 25/18 Oppfølging av Nærpolitireforma - Brev til politimester i Sør-Øst politidistrikt

RS 26/18 Garvikstrondi Camping - Søknad om skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1.2 og 3 (øl, vin og brennevin)

RS 27/18 Garvikstrondi Camping - Søknad om løyve til sal av alkoholhaldig drikke med høgst 4,7 volumprosent alkoholinnhald (gruppe 1)

RS 28/18 Referat Vest-Telemarkrådet 21.august 2018

Saker til handsaming

PS 53/18 Veglaget Tresland - Haugan - Kommunal veg

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Plan, miljø og teknisk utval til å gjera fylgjande vedtak:
Plan, miljø og teknisk utval rår Formannskap/økonomiutvalet til å avslå søknaden om overtaking av vegen Tresland-Haugan som kommunal veg. Vedtaket er grunngjeve med den økonomiske stoda til kommunen.
Saka vert oversendt formannskap/kommunestyre for endeleg avgjerd.

Handsaming i Plan, miljø og teknisk utval - 20.06.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan, miljø og teknisk utval - 20.06.2018

Plan, miljø og teknisk utval rår Formannskap/økonomiutvalet til å avslå søknaden om overtaking av vegen Tresland-Haugan som kommunal veg. Vedtaket er grunngjeve med den økonomiske stoda til kommunen.
Saka vert oversendt formannskap/kommunestyre for endeleg avgjerd.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 23.08.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 23.08.2018

Formannskap/økonomiutvalet avslår søknaden om overtaking av vegen Tresland-Haugan som kommunal veg. Vedtaket er grunngjeve med den økonomiske stoda til kommunen.

Handsaming i Kommunestyret - 06.09.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 06.09.2018

Kommunestyret avslår søknaden om overtaking av vegen Tresland-Haugan som kommunal veg. Vedtaket er grunngjeve med den økonomiske stoda til kommunen.

PS 54/18 Revisjon av overordna samarbeidsavtale mellom Sykehuset Telemark HF og kommunane i Telemark

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek revisjon av Overordna samarbeidsavtale mellom Sykehuset Telemark Helseforetak og kommunane i Telemark til vitande.

Handsaming i Kommunestyret - 06.09.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 06.09.2018

Kommunestyret tek revisjon av Overordna samarbeidsavtale mellom Sykehuset Telemark Helseforetak og kommunane i Telemark til vitande.

PS 55/18 Endring av selskapsavtale - RENOVEST IKS

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommune godkjenner ny selskapsavtale for RENOVEST IKS

Handsaming i Kommunestyret - 06.09.2018

Gunnar Eilefstjønn (H), ber om å få sin habilitet vurdert da han er styremedlem i selskapet.

Peter Fjågesund (Mpg), ber om å få sin habilitet vurdert da han er møtande varastyremedlem i selskapet.

Begge samrøystes vedteke inhabil, ingen vara. 18 representantar i politiskhandsaming.

Edvard Mæland (H) fremmar fellesforslag frå alle parti:

Seljord kommune er ikkje einig i at selskapet skal vurdere å ta hand om renovasjonsordninga med eigentransport og ser derfor ingen grunn til å endre selskapsavtala.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 06.09.2018

Seljord kommune er ikkje einig i at selskapet skal vurdere å ta hand om renovasjonsordninga med eigentransport og ser derfor ingen grunn til å endre selskapsavtala.

PS 56/18 Selskapsavtale for Sør - Øst 110 IKS

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet å gjera fylgjande tilråing til Kommunestyre;

1. Seljord kommune blir deltakar i Sør-Øst 110 IKS og dekker sin del av kostnader for etablering og drift av 110-sentralen samt skyter inn sin del av egenkapital i selskapet.
2. Kommunestyre vedtar selskapsavtalen for Sør-Øst 110 IKS.
3. Kommunestyret legger mynde til å treffe vedtak etter brann- og eksplosjonsvernlovas § 16 vedrørende nødalarmeringssentral, med dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter, til representantskapet i Sør-Øst 110 IKS, der lova sjølv ikkje er til hinder for det.
4. For inneverande kommunestyreperiode er vald til representantskapsmedlem og til varerepresentant i Sør-Øst 110 IKS. Valet gjerast deretter for kvar kommunestyreperiode.
5. Ei auking på kr 49 000 (drift- og etableringskostnadar) finansierast innafor ramma på driftsbudsjettet 2018 for programområde 05. Auking av investeringsbudsjettet på kr 41 000 (egenkapital) finansierast ved bruk av ubunden investeringsfondet.

6. Den vidare årlege driftskostnaden tas med i økonomiplanen og budsjett for 2019.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 23.08.2018

Hanne Norgaard (Ap) fremmar fylgjande personar til punkt 4 for å representantskaps medlemmar for Seljord kommune i Sør-Øst 110 IKS:

- Ordførar, Halfdan Haugan
- Varaordførar, Jon Svartdal

Henry Meland (Sp) meiner at valet prinsipielt burde vert lagt til valnemnda som skulle komme med ei innstilling til formannskapet.

Rådmannens tilråding med Hanne Norgaard (AP) framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 23.08.2018

1. Seljord kommune blir deltakar i Sør-Øst 110 IKS og dekker sin del av kostnader for etablering og drift av 110-sentralen samt skyter inn sin del av eigenkapital i selskapet.
2. Kommunestyre vedtar selskapsavtalen for Sør-Øst 110 IKS.
3. Kommunestyret legger mynde til å treffe vedtak etter brann- og eksplosjonsvernlovas § 16 vedrørende nødalarmeringssentral, med dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter, til representantskapet i Sør-Øst 110 IKS, der lova sjølv ikkje er til hinder for det.
4. For inneverande kommunestyreperiode er Halfdan Haugan valt til representantskapsmedlem og Jon Svartdal til vararepresentant i Sør-Øst 110 IKS. Valet gjeras deretter for kvar kommunestyreperiode.
5. Ei auking på kr 49 000 (drift- og etableringskostnadar) finansierast innafor ramma på driftsbudsjettet 2018 for programområde 05. Auking av investeringsbudsjettet på kr 41 000 (eigenkapital) finansierast ved bruk av ubunden investeringsfondet.
Den vidare årlege driftskostnaden tas med i økonomiplanen og budsjett for 2019

Handsaming i Kommunestyret - 06.09.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 06.09.2018

1. Seljord kommune blir deltakar i Sør-Øst 110 IKS og dekker sin del av kostnader for etablering og drift av 110-sentralen samt skyter inn sin del av eigenkapital i selskapet.
2. Kommunestyre vedtar selskapsavtalen for Sør-Øst 110 IKS.
3. Kommunestyret legger mynde til å treffe vedtak etter brann- og eksplosjonsvernlovas § 16 vedrørende nødalarmeringssentral, med dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter, til representantskapet i Sør-Øst 110 IKS, der lova sjølv ikkje er til hinder for det.
4. For inneverande kommunestyreperiode er Halfdan Haugan valt til representantskapsmedlem og Jon Svartdal til vararepresentant i Sør-Øst 110 IKS. Valet gjeras deretter for kvar kommunestyreperiode.
5. Ei auking på kr 49 000 (drift- og etableringskostnadar) finansierast innafor ramma på driftsbudsjettet 2018 for programområde 05. Auking av investeringsbudsjettet på kr 41 000 (eigenkapital) finansierast ved bruk av ubunden investeringsfondet.
Den vidare årlege driftskostnaden tas med i økonomiplanen og budsjett for 2019.

PS 57/18 Orientering om planprosess og drøfting av planprogram rullering av kommuneplanens arealdel.

Rådmannen si tilråding:

Plan, miljø og teknisk utval har drøfta innhald i planprogram og rår kommunestyre til å vedta å starte opp arbeidet med arealdelen av kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-5 og 11-12. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst seks veker.

Handsaming i Plan, miljø og teknisk utval - 29.08.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan, miljø og teknisk utval - 29.08.2018

Plan, miljø og teknisk utval har drøfta innhald i planprogram og rår kommunestyre til å vedta å starte opp arbeidet med arealdelen av kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-5 og 11-12. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst seks veker.

Handsaming i Kommunestyret - 06.09.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 06.09.2018

Kommunestyre vedtar å starte opp arbeidet med arealdelen av kommuneplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 11-5 og 11-12. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst seks veker.

PS 58/18 Vurdering av utvida løyve til prosjekt Aktivitetslabyrinten på Eventyrøy

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret å fatte følgjande vedtak:
Kommunestyret ser på prosjektet aktivitetslabyrinten som eit viktig satsing for å realisere og nå mål i vedteken samfunnsplan. Prosjektet var i utgangspunktet kostbart for kommunen og har no eit behov for auka kommunale midlar for at prosjektet kan realiserast. Det kan ikkje Seljord kommune sjå at dei kan taka seg råd til, og prosjektet må difor avlysast. Rådmannen syter for at det vert meldt frå til Kulturdepartementet at Seljord kommune diverre må takke nei til løyvinga på 4.millioner til aktivitetslabyrinten.

Handsaming i Kommunestyret - 06.09.2018

Edvard Mæland (H) fremmar følgjande forslag på vegne av AP og H:

Kommunestyret ser på prosjektet aktivitetslabyrinten som ei viktig satsing for å realisere og nå mål i vedteken samfunnsplan.

Prosjektet slik det står i dag vil krevje ein stor eigenandel frå Seljord kommune. Den økonomiske situasjonen til Seljord kommune er slik at det trengs meir tid på å finne alternative

måtar å kunne realisere prosjektet på og kommunestyret ber Rådmann kontakte Kulturdepartementet med søknad om utsetting av fristen for å nytte løyvinga på kr 4 millionar.

Vedteke med 13 mot 7 stemmer (Peter Fjågesund (Mdg), Svein Forberg Liane (V), Liv Grete Ekre (Sp), Henry Mæland (Sp), Marianne Vadder (Sp), John Olav Haugetuft (Sp), Håvard Jønnardalen (Sp))

Vedtak i Kommunestyret - 06.09.2018

Kommunestyret ser på prosjektet aktivitetslabyrinten som ei viktig satsing for å realisere og nå mål i vedteken samfunnsplan.

Prosjektet slik det står i dag vil krevje ein stor eigenandel frå Seljord kommune. Den økonomiske situasjonen til Seljord kommune er slik at det trengs meir tid på å finne alternative måtar å kunne realisere prosjektet på og kommunestyret ber Rådmann kontakte Kulturdepartementet med søknad om utsetting av fristen for å nytte løyvinga på kr 4 millionar.

Mindretalet støtta rådmannen sitt framlegg.

PS 59/18 Eigarstrategi Vest-Telemarkkraftlag

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek felles eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag slik den ligg føre.
2. Eigarstrategien vert revidert i kvar kommunestyreperiode

Handsaming i Kommunestyret - 06.09.2018

Liv Grethe Ekre (SP), ber om å få sin habilitet vurdert da ho er styremedlem i selskapet.

Eivind Skogheim (AP), ber om å få sin habilitet vurdert da han er møtande varastyremedlem i selskapet.

Begge samrøystes vedteke inhabil, ingen vara. 18 representantar i politiskhandsaming.

Vedtak i Kommunestyret - 06.09.2018

1. Kommunestyret vedtek felles eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag slik den ligg føre.
2. Eigarstrategien vert revidert i kvar kommunestyreperiode.

PS 60/18 Oppfølging av kommunestyres strategidag 140618

Rådmannen si tilråding:

Moment som ikkje allereie er innarbeidd i handlingplanen i kommuneplanens samfunnsdel, innarbeiddast i handlingsplanen som mål for 2019.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 23.08.2018

Ordførar fremmar forslag om at formannskapet møtar som arbeidsgruppe for å gå gjennom innspela frå strategidagen i kommunestyre 14.juni 2018. Arbeidsgruppa samensillar innspela og gjev eit forslag som handsamast i kommunestyre

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 23.08.2018

Formannskapet møtast som arbeidsgruppe for å samanstillе innspela. Arbeidsgruppa fremmar forslag til kommunestyre.

Handsaming i Kommunestyret - 06.09.2018

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 06.09.2018

Moment som ikkje allereie er innarbeidd i handlingplanen i kommuneplanens samfunnsdel, innarbeiddast i handlingsplanen som mål for 2019.